

NAUSTDAL KOMMUNE

MØTEBOK

FINANSDEPARTEMENTET

0 1. OKT. 2004

Saksnr.
Arkivnr.

04,1847-221

SAK NR.: Utval: NAUSTDAL KOMMUNESTYRE

48/2004 Sakshands: PER-KRISTIAN LANGLIE

NAUSTDAL FORMANNSKAP	Møtedato: 09.09.2004	Sak nr.: 65/2004
Jour.nr: 2004/1817	Arkivnr: 203	Møtt: 5 av 5
Sakshandsamar: PKL		Mappe: 200100342
		Avgj. av: K

NAUSTDAL KOMMUNESTYRE	Møtedato: 16.09.2004	Sak nr.: 48/2004
Jour.nr: 2004/1817	Arkivnr: 203	Møtt: 20 av 21
Sakshandsamar: PKL		Mappe: 200100342
		Avgj. av: K

SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ NAUSTDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Naustdal kommune har drøfta Skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing (NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving) om skatteoppkrevjarfunksjonen i Noreg..

Naustdal kommune gir følgjande høyringsfråsegn:

"Naustdal kommune sluttar seg til høyringsfråsegnene frå sentralstyret i KS og styret i KS Sogn og Fjordane.

Naustdal kommune meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. I denne vurderinga legg Naustdal kommune særleg vekt på at ordninga i dag fungerer godt med høg løysingsgrad og gode resultat, god rettstryggleik og god brukarservice, effektiv drift og ressursbruk, at ordninga er under folkevald kontroll og innsyn, at ei eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader og at konsekvensane ikkje er utgreidde. Naustdal kommune er samd med sentralstyret i KS om at skatteinnkrevjinga i Noreg kan gjerast enda betre, og meiner som KS at dette best kan skje innanfor ramma av kommunalt ansvar."

Som grunnlag for konklusjonen frå Naustdal kommune er det mellom anna lagt vekt på desse momenta:

FINANSDEPARTEMENTET

Sett frå kommunen sin ståstad er det ikkje naturleg at skatteoppkrevjarfunksjonen vert flytta over frå kommunalt ansvar til statleg ansvar. Ei slik statleggjering har fleire uheldige sider både for samfunnet og for brukarane. Ei overvekt av saklege tilhøve talar for at skatteoppkrevjinga framleis skal utførast av kommunane. I stikkord kan desse argumenta oppsummerast slik:

1. Høg løysingsgrad / gode resultat
2. God rettstryggleik
3. God brukarservice
4. Kommunalt økonomisk sjølvstyre
5. Folkevald kontroll og innsyn
6. Effektiv drift og ressursbruk p.g.a. synergieffektar
7. Ivaretaking av distriktpolitiske omsyn
8. Skattebetalingsordninga i dag fungerer godt
9. Eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader
10. Konsekvensane er ikkje utgreidde

Alle desse momenta bør tillegast vekt. Grunngevinga for kvart av momenta er godt omtala i momentlista som er utarbeidd av KS, og som Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet truleg allereie er kjende med.

Moment 4 kan i dag seiast å vere mindre viktig enn før - av di det kommunale økonomiske sjølvstyret verkar til å vere svekka på ulike måtar. Likevel bør prinsippet om det kommunale økonomiske sjølvstyret liggje i botnen for den måten skatteinnkrevjinga vert organisert på. På mange område ser det i dag ut som distriktpolitiske omsyn ikkje vert tillagt vekt av statlege styresmakter. Dermed vil truleg kommunane leggje større vekt på dette momentet enn statlege styresmakter gjer. Momentet er likevel ein viktig del av den heilskapstenkinga som bør liggje til grunn for den prinsipielle tenkinga om skatteinnkrevjaroppgåvene.

Jamvel om statlege styresmakter i dag ikkje vil leggje like stor vekt som kommunane på moment 4 og 7, er det god grunn for kommunane til å meine at dei andre 8 momenta må ha avgjerande vekt. Til saman gir desse den eintydige konklusjonen at skatteoppkrevjaroppgåvene framleis skal vere i kommunane.

TILRÅDING :

Naustdal kommune sluttar seg til høyringsfråsegnene frå sentralstyret i KS og styret i KS Sogn og Fjordane.

Naustdal kommune meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. I denne vurderinga legg Naustdal kommune særleg vekt på at ordninga i dag fungerer godt med høg løysingsgrad og gode resultat, god rettstryggleik og god brukarservice, effektiv drift og ressursbruk, at ordninga er under folkevald kontroll og innsyn, at ei eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader og at konsekvensane ikkje er utgreidde.

Naustdal kommune er samd med sentralstyret i KS om at skatteinnkrevjinga i Noreg kan gjerast enda betre, og meiner som KS at dette best kan skje innanfor ramma av kommunalt ansvar.

HANDSAMING I NAUSTDAL FORMANNSKAP**VEDTAK :**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

SAKSORDFØRAR: JAN HERSTAD

HANDSAMING I NAUSTDAL KOMMUNESTYRE**VEDTAK :**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Rett utskrift.

Dato : 20.09.04.

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Jan Herstad', with a long horizontal line extending to the right.